

HKH 01 - 2012

Ung i Sagvåg og Litlabø



Kristine Bakke

Ein kartleggingsrapport med fokus på identitet, fritid, trivsel og lokalt engasjement rundt ungdom i alderen 13 - 17 år

Framsdebilde: Kristine Bakken
Baksdebilde: Cecilie Berger

Kartlagt av:

Terje Eriksen - SLT koordinator, Stord kommune

Thomas Mikkelsen - Prosjekt Aktiv fritid, Stord kommune

Cecilie Berger – Utekontakten, Stord kommune

John Henrik Staveland-Sæter - Utekontakten, Stord kommune

Jostein Bertin Øgård – Utekontakten, Stord kommune

Guri Refvik – Psykisk helsearbeidar, Stord kommune

Nils Blikra - Stord lensmannskontor

Tove Agdestein - Folkehelsekoordinator, Stord kommune

Rettleia av: **Marit Grung** – KORUS vest, Bergensklinikkene.

Skrive av: **Thomas Mikkelsen**

Til alle bidragsytarar, tenester, lag og organisasjonar, institusjonar, enkeltpersonar og ikkje minst alle unge som har delt kunnskap gjennom spørjeskjema og intervju: TAKK!

Stord 19. juni 2012



Foto: Cecilie Berger

Innholdsliste:

Bakgrunn for kartlegginga	4
Kartleggingsprosessen	5
Kort gjennomgang av HKH-metoden	5
Sagvåg og Litlabø - bydel, tettstad og bygd	8
Funn målgruppa	9
Identitet og områdestatus	9
Fritid	11
Trivsel	13
Rus og kriminalitet	14
Instansane sin respons	15
Oppsummering og forslag til tiltak	18
Handlingsplan	19

Bakgrunn for kartlegginga

Hausten 2011 fekk Stord kommune gjennom SLT-koordinatør invitasjon til opplæring i metoden Hurtig kartlegging og Handling (HKH), og vidare høve til å utføra ei HKH-kartlegging med rettleiing frå stiftinga Bergens-klinikkene, kompetansesenter rus – region vest.

Stord kommune har sidan 2004 gjennomført undersøkingar på ulike ungdomsskuletrinn i kommunen. Desse fokuserer på trivsel, fritid og rus innanfor ungdomsgruppa. Undersøkingane har ikkje vore avgrensa i forhold til lokalmiljø eller gitt rom for lokale tilpassingar. På bakgrunn av dette har me ikkje hatt pålitelege data som kan gi oss kunnskap om tilhøva lokalt eller geografisk i kommunen. HKH er eit kartleggingsverktøy som gir oss høve til systematiske kartleggingar på lokalt nivå.

Både i forhold til uro i ungdomsmiljøa, i eit behandlings/rehabiliteringsperspektiv og i eit folkehelseperspektiv, vil metodiske kartleggingar kunne gjera hjelpeapparatet

betre i stand til å setja inn treffsikre tiltak overfor ulike målgrupper.

Ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø er fokus for denne HKH-rapporten. Bakgrunnen er ulike hendingar og uro i området dei siste to åra. Overskrifter som «Fleire tilfelle av hærverk i Sagvåg», «Skulebrann», «Hærverk på bygdesag» og «Hærverk på skule» er nokre av avisoppplaga i denne perioden. Samstundes har Sagvåg- og Litlabø området fått mykje merksemd, og det lokale engasjementet knytt til politiske føringar og prioriteringar har vore stort. Mellom anna har debatten rundt nedlegging av Litlabø skule fått mykje merksemd og skapt engasjement blant både vaksne og ungdom.

Det har likevel vore vanskeleg å kunna seia noko om korleis situasjonen "reelt er", og om det er grunnlag for uro kring ungdomsmiljøet. Gjennom bruk av HKH-metoden kan me truleg bli meir treffsikre når det gjeld behov for eventuelle tiltak, og ikkje minst for å tileigna ny kunnskap knytt til ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø.

Kartlegginga sitt mål

Målsettinga er å auka den generelle kunnskapen om ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø. Hovudfokus vil vera på fritidsinteresser, trivsel og ungdomane si identifisering med eige nærmiljø. Kartlegginga vil bli vurdert i lys av lokalt og kommunalt engasjement rundt ungdom i alderen 13-17 år.

Nøkkeltema for kartlegginga er følgjande:

- *Områdestatus knytt til identitet og tilhøyrslø*
- *Fritid og trivsel*
- *Lokalt engasjement rundt ungdom*

Kartlegginga blir avslutta med ein handlingsplan



Foto: The Steinsland


Kartleggingsprosessen, metode og kjelder

Hurtig kartlegging og Handling (HKH) er ei analytisk tilnærming til sosialfaglege problemstillingar. HKH er utvikla frå ein Rapid Assessment & Response (RAR) metode, eit verktøy utvikla av Verdens Helseorganisasjons. Stiftinga Bergenslinikkene har omsett og tilpassa modellen til norske forhold i samarbeid med Utekontakten i Bergen. Det er utarbeidd ein manual for opplæring i metoden (Mounteney og Leirvåg 2007).

Kort gjennomgang av HKH- metoden:


Ved å nytta eksisterande data i kombinasjon med nye undersøkingar, kartleggjer ein i HKH identifiserte problemområde, parallelt med at opplysningar om dei ulike instansane sin noverande respons blir innhenta. Analyse blir gjennomført ved metodetriangulering. Dette betyr at funn blir identifisert på grunnlag av gjentatte treff i ulike kjeldedata. Metoden sine kvalitetar eller validitet baserer seg nettopp på kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar. Innanfor same kartlegging gir det oss høve til å kryssjekka mulige funn. Målet med ein HKH er ikkje vitskapeleg perfektjon, men god nok kunnskap til å kunne komma med konkrete forslag til handling

Fig. 1 HKH-prosessen



HKH-metoden sin styrke er hurtig analyse av eitt eller fleire problemområde, og følgeleg høve til rask og føremålstenleg innsats knytta til behandling av problemet. Metoden er eigna til å kartleggja marginaliserte grupper, i særleg grad miljø og arenaer der hjelpeapparatet normalt har lite innsyn.

Fig. 2 Kjelder og metodar



Følgjande metodar blei nytta i kartlegginga:

Innleiande & avsluttande konsultasjon

Som kartlegginga sin innleiande konsultasjon blei det halde møte med kommunale tenester, lag/organisasjonar og ungdomsrepresentantar i Solidhuset 17. januar 2012. I alt 15 ulike instansar fordelt på 24 personar deltok på møtet. Målet for møtet var å samla opplysningar om kartlegginga sitt tema og danna grunnlag for målsetting og val av nøkkeltema. Det var stort engasjement blant dei fram møtte, og fleire peikte på at kartlegginga også bør ha fokus på det positive som finst i Sagvåg- og Litlabø-området. Samstundes var det oppslutning om behovet for ei kartlegging, slik at det eventuelt kunne bli stadfest eller avkrefta om det er grunn til uro knytt til ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø.

Avsluttande konsultasjon blei halde 25. april med same inviterte gruppe som ved innleiande konsultasjon, samt fleire som ein gjennom kartlegginga blei kjent med. På dette møtet fekk deltakarane presentert funn frå kartlegginga, og det blei gitt høve til å kommentera funn og diskutera vidare handlingsplan.

Innhenting av eksisterande materiale

Eksisterande informasjon har vore med å danna eit bakgrunnsbilete av Sagvåg/Litlabø-området. Statistikkar frå politiet, mediesøk, tidlegare undersøkingar, kommunal informasjon etc er brukt som bakgrunnsmateriale for denne rapporten. Eksisterande data frå ulike regionale og nasjonale kjelder er også nytta som bakgrunnsdata.

Intervju med ulike tenester

Instansar som kunne ha kunnskap om ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø blei kontakta tidleg i kartleggingsprosessen. Det er gjennomført 24 standardiserte telefonintervju med ulike instansar i kommunen. Desse er valde ut på bakgrunn av generell kunnskap om ungdomsmiljøet i det aktuelle området. Eit stort fleirtal av dei me intervjuja, hadde anten direkte kontakt med enkeltungdommar i målgruppa eller var knytte til målgruppa gjennom instansen sitt arbeid i nærmiljøet.

Fokusgruppe

Det er gjennomført ei fokusgruppe som ein del av kartlegginga. Fokusgruppa var samansett av foreldre,

representert ved Foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved Nysæter ungdomsskule. Det blei nytta intervjuguide med utdjupande spørsmål i høve til problemstillinga

Ungdomsundersøking

For å sikra at dei unge sine eigne meiningar, haldningar og praksis på ulike område blei inkludert i kartlegginga, gjorde me ei elektronisk spørjeundersøking på alle dei tre ungdomsskulane i kommunen (13-16 år). Undersøkinga omfatta 59 spørsmål rundt trivsel, fritid, identitet, rus, kriminalitet, kosthald m.m. Dei to skulane som ikkje ligg i Sagvåg/Litlabø-området, blei nytta som referanseskular i kartlegginga. I alt 726 ungdommar svarte på undersøkinga, 179 frå ungdomsskulen i det aktuelle området. Undersøkinga har ei kvantitativ tilnærming, noko som gjer at me ikkje kan trekkja ut årsaksforklaringar på bakgrunn av det enkelte svar. Nokre av spørsmåla er av hypotetisk karakter med dei usikre momenta dette inneber (jmf. analyse og vektning). Me har likevel vald å presentera resultatata i rapporten då dei kan vera med på å underbyggja eller avkrefta annan informasjon innanfor same tema.

Stormøte/ungdomsmøte

Kartleggingsteamet samarbeidde med kommunen sitt

ungdomsråd, og inviterte til eit ungdomsmøte med ungdommar frå målgruppa. 35 unge frå Sagvåg/Litlabø blei gjennom diskusjonar i grupper inviterte til å komma med synspunkta sine i høve til nøkkeltema for kartlegginga. Ungdommane som var inviterte med på møtet, var nøkkelinformantane våre; dei var handplukka av ungdomsrådet, Utekontakten og ungdomsskulen. Desse blei vurdert som personar med god kjennskap til ulike miljø, og var godt representert med tanke på alder, kjønn og deltaking i og utanfor ulike organisasjonar.

Observasjon

Observasjon knytt til kartlegginga har blitt utført av Utekontakten. Det blei utført sju ikkje- deltakande observasjonar fordelt på fem ulike arenaer i løpet av observasjonsperioden på ein månad. Det blei nytta eit observasjonsskjema laga særskild for kartlegginga. Arenaene for observasjon var valde ut på bakgrunn av utsegner frå innleiande konsultasjon og utifrå Utekontakten sin lokalkjennskap i området. Observasjonane blei gjort på ulike tider av døgnet, både kvardag, helg og på dagar med skulefri. Fokus på observasjonane var i kva for grad desse stadene blir oppsøkt av målgruppa for kartlegginga.



Foto: Tina Steinsland

Sagvåg og Litlabø – bydel, tettstad og bygd

Sagvåg og Litlabø ligg sørvest i Stord kommune på øya Stord. Det blir sagt at Sagvåg er Sunnhordland sin nest største tettstad. Sagvåg/Litlabø er i alle høve den største bydelen i Stord kommune utanom kommunesenteret Leirvik. Innbyggjarane i området har god tilgang til naturopplevingar på sjø, i fjell, skog og ferskvatn.

Det blir tidvis diskutert kor grensa mellom Sagvåg og Litlabø er - og også mot andre deler av kommunen. I denne rapporten held me oss til skulekrinsane; altså til områda som soknar til Nysæter ungdomskule, med postadresse 5410 og 5415. I området ligg tre barneskular; Litlabø skule (85 elevar 2011/12), Sagvåg skule (159 elevar) og Tjødnalio skule (240 elevar).

I følgje tal frå SSB (01.01.11) er det totalt 430 ungdommar i mellom 12 og 17 år, busette i Sagvåg/Litlabø-området. Kommunen har 18 kommunale bustader i området som ikkje blir brukt til pleie- og omsorgsbustadar.

Området har fleire bydelsfunksjonar, med både kommunale og private tenester og velferdstilbod. Dette inkluderer bankfilial, post, helsestasjon, legar, fysikalsk institutt, tannlege, arkitekt, barnehagar, skular og eige idrettslag. I tillegg er det fritidsklubb, kyrkje, bedehus og kyrkjelyd, fleire lag og organisasjonar, korps og musikklag, motorcross, samt aktive interesseorganisasjonar som er knytte til den maritime kulturarva i Sagvåg og til gruvedrifta på Litlabø.



Foto: Frode Tverbergvik

Historisk sett er bydelen bygd opp rundt industriverksemdar, mellom anna gruvedrift og båtbyggjeri. Det var i tidlegare tider også eit bakeri her som laga så gode rundstykker at namnet "Rundstykkjebygda" for mange framleis er synonymt med Sagvåg. Gruvedrifta på Litlabø starta i 1907 og førte til stor tilflytting og aktivitet i området heilt fram til gruva vart lagd ned i 1968. På grunn av stor tilflytting av arbeidarar, er det framleis mange som karakteriserer Sagvåg og Litlabø som arbeidarklassesamfunn. Hamna i Sagvåg var tidlegare omkransa av båtbyggjarar. I dag er det færre som driv arbeid knytt til det maritime, men det er framleis aktivitet både på holmar og vikar - om enn i ein heilt anna skala enn tidlegare. Området rommar også Stord lufthamn. Ein del firma innan ulike bransjar held også til i området.

Samfunnshuset på Litlabø husar både bibliotekfilial og fritidsklubb, og er også eit lokale for utleige til ulike arrangement. Solidhuset - idrettslaget Solid sitt klubbhus - ligg mellom Sagvåg og Litlabø. Også dette blir leigd ut til privatpersonar, bedrifter og organisasjonar.

I idrettslaget Solid har grupper innan orientering, symjing, turn og fotball. Laget har stor aktivitet og mange engasjerte frivillige. Kunstgrasbane, tribune og klubbhus har kome til etter stor grad av dugnadsarbeid. Dei siste åra har idrettslaget Solid hatt stor fokus på «fair play», og har jamvel mottatt pris for dette arbeidet.

Bydelen har vore igjennom store endringar i løpet av dei siste 30 åra. Sentrum var tidlegare prega av å vera eit trafikknutepunkt med fergekai og fleire butikkar. I dag er det færre uoffisielle møteplassar som pregar staden, men i sentrum har ein mellom anna matvarebutikk, bensinstasjon og pub/serveringstad. Mange byggefelt har kome til i området desse åra, og det er framleis stor byggaktivitet med nye bustadhus. Etablering av nye bustadar fører med seg ei auke i barne- og ungdomsbefolkninga i området. Denne delen av befolkninga er primærbrukarar av offentlege rom og offentleg transport.



Foto: Tina Steinsland

Funn målgruppa:

Identitet og områdestatus

Det mest tydelige funnet i kartlegginga viste seg å handla om områdestatus og identitet. Allereie i den innleiande konsultasjonen var det store fleirtallet av aktørar opptatte av det «negative» omdømmet som prega Sagvåg- og Litlabø-området. Synspunkt relatert til historie, lokal kultur, media, kommunale prioriteringar og engasjement blei trekt fram som ulike forklaringsmodellar. Det blei fokusert på tema som framsnacking og lokalt engasjement i området. Det blei peikt på kor viktig det er å visa fram kva for ressursar og potensiale som finst i området, slik at folk kan vera stolte av staden dei kjem frå.


“Ungdommane syntest Sagvåg/Litlabø er ein trygg og god stad å veksa opp.”

Hovedfunna etter ungdomsmøtet var i stor grad samanfallande med oppsummeringane etter innleiande konsultasjon. Ungdommane syntest Sagvåg/Litlabø er ein trygg og god stad å veksa opp. Tryggleik, å høyra til og å vera stolt over heimstaden sin var felles omgrep for gruppene i spørsmål kring oppvekstvilkår og ungdomsmiljø.

På spørsmål om korleis ungdommane i Sagvåg/Litlabø trur at andre ungdommar oppfattar dei, svarte dei fleste negativt. «Fordommar, slummen, rus, kriminalitet, negative rykte og omtale» var gjennomgåande karakteristikkar under dette spørsmålet. «Historia heng igjen» og «Negativ omtale frå media» var nokre av utsegna som kom fram i møtet. Det var altså eit fleirtall av ungdommane som karakteriserte ungdomsmiljøet som negativt utifrå egne oppfatningar om andre sine «blikk» og haldningar til området. Fokus på områdestatus og ulike haldningar til Sagvåg og Litlabø har også vore eit gjennomgåande tema i kartleggingsprosessen.

Media si rolle og val av fokus har blitt nemnd i dei fleste samanhengar under kartlegginga. Funn tyder på at både ungdom og vaksne har ei negativ oppleving av media si framstilling i området. Dei to siste åra har eit fleirtal av nyhendesakene frå Sagvåg og Litlabø handla om tjuveri, hærverk, brannar og branntilløp, muleg skulenedlegging og dårlege fysiske tilhøve. Våre funn visar at det også har vore nyhendesaker med fokus på fritidstilbod og positive aktivitetar, samt lesarbrev som har omtala hendingar og lokale initiativ i positive ordelag. Det har vore ei brei mediedekking av mogleg nedlegging av Litlabø skule. Sjølv om dette i hovudsak har dreia seg om negative konsekvensar av ei nedlegging, har det i kjølvatnet av debatten kome fram lokalt engasjement og ei framheving av kvalitetane i Sagvåg/Litlabø-området. Funn frå medieovervakinga syner likevel at eit fleirtal av avisoppslaga relatert til målgruppa og området har eit negativt forteikn.

Fig. 3 Ungdomsundersøkinga: "Kan du tenke deg å busette deg.." (N=178)



I ungdomsundersøkinga sitt spørsmål om busetting svarar 35,4 % av ungdommane frå Nysæter ungdomsskule at dei ikkje kan tenkja seg å bu i Sagvåg/Litlabø-området i framtida. Samanlikna med dei to andre skulane er det fleire unge på Nysæter ungdomsskule som svarer at dei ikkje vil bu i området når dei blir vaksne. Stord og Norbygd ligg her med eit samla gjennomsnitt på 28 %. Det er likevel slik at prosentvis er det fleire unge frå Nysæter som svarer ja - "at dei vil busette seg i området" samalikna med Stord ungdomsskule. Bakgrunnen for dette er at "veit ikkje"-kategorien følgjeleg er høgare på Stord ungdomsskule enn på Nysæter. Det kan dermed sjå ut som det er fleire ungdommar frå Nysæter som har gjort seg opp ei meining kring dette spørsmålet. Undersøkinga seier ikkje noko om kvifor ungdommane ikkje kan tenkja seg å bu i området i vaksen alder. Bustad, utdanning, venter, familie, tilgjenge til tenester m.m. kan vera tenkjelege faktorar. Det treng ikkje nett vera negative faktorar knytt til områdestatus som ligg bak elevsvara. Av størst interesse for områdestatus vil kanskje skilnadene på skulekrins vera.

På spørsmål om dei trur at andre ungdommar på Stord vil busette seg i Sagvåg/Litlabø-området som vaksne, svarer over halvparten "veit ikkje". Svara frå Nysæter ungdomsskule viser at gruppa som svarer ja på dette spørsmålet, er mindre samanlikna med skulane Stord og Nordbygd. Det er her prosentvis forholdsvis store skilnader mellom skulekrinsane.

Kvifor er det så tydeleg skilnad i svara frå Nysæter når det gjeld spørsmål om busetting? Kan det tenkjast at resultatene har noko med egne og andre sine haldningar til plassen å gjera? Funna i kartlegginga tyder på at dette kan vera ein forklarande faktor. Både i ungdomsmøte, i fokusgruppa, innleiande konsultasjon og avsluttande konsultasjon blir områdestatus diskutert. I gjennomgang av data frå dei ulike metodane har nettopp diskusjonen kring haldningar til området vore framtrudande. Funnet underbygger også det faktum at elevane svarer lågare på spørsmål om fritid og trivsel. På avsluttande konsultasjon blei det sagt at deltakarane kjende seg igjen i funn om identitetskjenne: "Det handlar om behovet for ei haldningsendring i området, også blant dei eldre".

Som me erfarte på ungdomsmøtet, var ungdommane sjølv stolte over heimstaden sin og omtalte Sagvåg/Litlabø-området som ein trygg stad å veksa opp - med eit godt og sammansveisa miljø. Områdestatus og spørsmål kring identitet er likevel knytt til negativ omtale og rykte. Eit viktig spørsmål er kva denne sjølvopplevde "stigmatiseringa" gjer med området, ungdomane og med ungdomsmiljøet. Som me skal komma tilbake til, er det ikkje nokon større grunn til uro kring rus og kriminalitet blant ungdom i Sagvåg/Litlabø enn andre stader i kommunen.

Fritid

Me spurde dei unge korleis elevane ville skildra fritidstilbodet i nærmiljøet sitt? I ungdomsundersøkinga svarte over halvparten av elevane frå Nysæter ungdomsskule at dei syntest det er nok fritidstilbud i området. Likevel oppgir nærmare 40 % at dei ikkje synest fritidstilbodet er godt nok. Svara i ungdomsundersøkinga blir stadfest både av uttalar i ungdomsmøtet, innleiande og avsluttande konsultasjon. I ungdomsmøtet var det klare oppfatningar om at det var for lite variasjon i fritidstilbudet.

I undersøkinga oppgir litt over 20 % av ungdommane at dei ikkje er med i noko lag eller organisasjon. Det store fleirtalet av dei organiserte ungdommane oppgir at dei er med i eit idrettslag. Nesten 90 % har tidlegare drive med ein aktivitet som dei no har slutta med. Dei fleste rapporterar fotball og handball under dette spørsmålet. Over halvparten svarer at dei slutta med denne aktiviteten fordi dei gikk lei, eller fordi aktiviteten ikkje passa dei lenger. Dette blir stadfesta både i innleiande konsultasjon og gjennom intervju. Det kom også fram i ungdomsmøtet at fleirtalet av dei unge ønskte fleire og meir varierte tilbod.

Kartlegginga viser at innbyggjarane i området meiner det er for få tilbod som er geografisk plasserte i Sagvåg/Litlabø. Det blir også sagt at betre kommunikasjonstilbod og offentleg transport er nødvendig for å kunne delta på aktivitetar utenfor Sagvåg/Litlabø. I ungdomsmøtet blir det formidla at det offentlige transporttilbudet i helgane kan vera med på å ekskludera ungdommane frå å kunne delta i ulike tilbod, f.eks på Leirvik. Eit ønskje om ulike aktivitetstilbod som ikkje nødvendigvis er så forpliktande og konkurran-

“klare oppfatningar om at det var for lite variasjon i fritidstilbodet.”



Foto: Tina Steinsland

seprega, blir framheva. Fleirbrukshall med ulike aktivitetar for gutar og jenter, auka satsing på kulturtilbod i området, fleire arrangement og konsertar for ungdom, er nokre av forslaga som kom fram på møtet. Det er eit særleg ønskje om fleire aktivitetar for ungdom i helgane.

Ein møteplass der ungdommen berre kan «droppa» innom blir etterspurt. Ut i frå kartlegginga ser me at dei unge ønskjer eit fritidstilbod der dei kan møtast på eigne premisser. Det sosiale aspektet står sentralt; «eit tilbod der ein ikkje treng å konkurrera eller prestera». Dette kjem også fram i undersøkinga. Fritidsklubben blir framheva som ein viktig ressurs i området. Også i ungdomsmøtet blir klubben trekt fram som ein viktig og inkluderande møteplass for ungdom. Samtidig blir det sagt at klubben må jobba for rekruttering og inkludering av nye og yngre medlemmer. I forhold til observasjonane som er gjort i kartlegginga, blei det lagt merke til stor deltaking både i og utenfor klubben. Klubben legg i tillegg opp til at ungdommane på eige initiativ kan iverksetja aktivitetar. Det er eit stort engasjement og ønskje blant ungdommane å kunne organisera fleire aktivitetar på eige initiativ. I innleiande og avsluttande konsultasjon kom det også fram at fleire lag og organsiasjonar hadde ønskje om å samarbeida med ungdommar. Utfordringane såg ut til å vera tilgjengelege vaksenpersonar som kunne drifta tilbodet i samarbeid med dei unge.

Når det gjeld observasjonane som blei gjort i kartlegginga, er det ingen funn som kan visa til særskilde «ungdomsgjengar» eller risikoungdom som oppheld seg på bestemte plassar i området. Observasjonane blei gjort i mars månad. Ver-tilhøva var truleg avgjerande for funna på einskilde arenaer i denne perioden. Dette blir også stadfest frå andre kjelder. Observasjonar gjort ved Sagvåg og Litlabø skule og Solidbanen ga få resultat i forhold til målgruppa. Det blei derimot observert ei relativ stor gruppe ungdommar i sentrum. Dette var på ein godversdag, og me har ikkje noko godt grunnlag for å seia om dette var ei tilfeldig samansetting av ungdom eller eit meir «etablert» ungdomsmiljø. Observasjonane blir stadfest i ungdomsmøtet og på innleiande konsultasjon der sentrum blir forklart som ein plass der ungdom «heng» i mangel på andre aktivitetar og samlingsplassar. Økonomi, infrastruktur og for lita breidd i aktivitetstilbodet blir trekt fram som grunnar til dette.

Mangel på alternative møteplassar er eit tema som går igjen i kartlegginga. Særlig haust og vinter er det få plassar der ungdom i Sagvåg/Litlabø kan treffast i det offentlige rom. «I Leirvik har dei både kulturhus og kjøpesenter der ungdom kan treffa kvarandre». Desse utsegnene kan truleg vera med på å stadfesta svara frå ungdomsundersøkinga, samstundes som fritidsklubben stadfester sin viktige rolle som møteplass for enkeltungdommar i området. Når det gjeld «uorganisert ungdom» (dei som oppgir at dei ikkje er med i eit lag eller forening) og deltaking i fritidsklubb, er det ingen samanheng.

Tvert i mot viser undersøkinga at gruppa av unge som går i fritidsklubb, også er med i idrettsslag eller andre typar aktivitetar. Det er med andre ord ikkje slik at klubben er ein møteplass for uorganisert ungdom eller ungdom som ikkje har noko anna aktivitetstilbod. Dette viser igjen fritidsklubben sitt førebyggjande potensiale som arena og inngangsport til ulike aktivitetar.



Foto: Cecilie Berger

Trivsel

I ungdomsundersøkinga svarer fleirtalet av elevane frå Nysæter at dei trivst godt på skulen. Når det gjeld spørsmål kring trivsel i nærmiljøet, svarer litt over 30 % at dei trivst svært bra. Det store fleirtal rapporterer at dei trivst i området der dei bur. Det er likevel ei gruppe på rundt 20 % som svarer på den nedre delen av skalaen under dette spørsmålet. Til samanlikning er det færre som svarer at dei mistrivst ved dei to andre ungdomsskulane. Det er dermed ei større gruppe elevar ved Nysæter ungdomsskule som svarer meir negativt når det gjeld opplevd trivsel i nærmiljøet. Me har i sjølve ungdomsundersøkinga ikkje mottatt rapporterte svar på grunnar til dette. På den andre sida stadfester funna frå dei andre kjerneområda svara frå elevane ved Nysæter ungdomsskule. Opplevd områdestatus og fritidstilbod vil truleg vera med å påvirka korleis ungdom trivst i nærmiljøet.

Frå ungdomsmøtet blir området og miljøet omtalt som roleg, trygt og inkluderande. Eit tema som likevel går igjen, er det fysiske miljøet i området. Det har gjennomgåande i kartlegginga blitt framheva eit behov for opprusting av deler av Sagvåg/Litlabø-området. Frå ungdomsmøtet blir det sagt at området må gjerast meir attraktivt og levande. Dei unge seier at dei sjølv ønskjer å ta initiativ til ulike aktivitetar for å fremja trivsel i nærmiljøet. "På denne måten kan andre unge sjå korleis me eigentlig har det. Me må fokusera på det positive». Det blir i møtet på avsluttande konsultasjon fokusert på at ungdommen sjølv må engasjera seg for å auka statusen og bryta med opplevde fordommar.

"På denne måten kan andre unge sjå korleis me eigentlig har det. Me må fokusera på det positive"

Det blir i innleiande og avsluttande konsultasjon også diskutert kring bygningar som står til nedfalls i området. Det kan tenkjast at ivaretaking av området også er med på å påvirka trivsel og identitet blant dei unge. I ungdomsmøtet blir det sagt at alle må ta ansvar for å halda det fint og ryddig. Området må gjerast meir attraktivt og levande. Det blir føreslått å setja ut fleire benkar. Særleg ved sjøen, ved ferjekaien og der det er grøntanlegg, blir det føreslått å leggja til rette for fleire møteplassar for ungdom.


Som me ser i ungdomsundersøkinga er det ei gruppe unge som ikkje trivst i området. Det er truleg fleire grunnar til dette. Det vil vera naturleg å tenkja heilskapleg rundt kartlegginga der både identitet, fritid og trivsel er kjerneområde som gjensidig har innverknad på kvarandre og må sjåast under eitt. I kartlegginga ser det likevel ut som mangel på tilpassa fritidstilbod og møteplassar er gjennomgåande tema. "Me treng benkar og bord der ein kan sitja utan å vera til sjenanse for dei vaksne. Me burde ikkje bli jaga vekk". Desse oppfatningane møter me gjennom heile kartlegginga. Både på innleiande konsultasjon, avsluttande konsultasjon og ungdomsmøtet har ungdom gitt uttrykk for at dei ikkje føler seg inkluderte i nærmiljøet. Opplevd mangel på medverknad, for lite variasjon i fritidstilbudet og lav trivselscore ser ut til å vera ekskluderande faktorar for fleire ungdommar. Går me nærmare inn på samanhengar i undersøkinga, ser me at det er ei lita gruppe unge som gjennomgåande svarer lågt under dei ulike kjerneområda. Det er her klare samanhengar mellom negativ rapportert trivsel i nærmiljø og skule, deltaking i fritidsaktivitetar, framtidig busetting, foreldreøkonomi og kontakt med tenesteapparatet.

Når det gjeld mobbing rapporterer litt over 12 % av elevane at dei har vore utsett for mobbing siste månaden. Av desse svarer det store fleirtalet at mobbinga har tatt form gjennom kallenamn, erting og utestenging/ikkje fått vera med. Me ser også her at dei som rapporterar låg trivsel og deltaking i fritidsaktivitetar, dårleg foreldreøkonomi og kontakt med ulike tenester siste månaden har ein høgare svarprosent i denne gruppa. I ungdomsmøtet blei det formidla at det var lite mobbing blant ungdom. Det blir hevda at den mobbinga som går føre seg, vanlegvis er skjult.

Gjennomgåande ser me altså at elevane frå Nysæter ser ut til å rapportera litt lågare under dei sentrale spørsmåla og dei ulike kjerneområda, samanlikna med dei andre skulane. Vidare er det ei lita gruppe som ser ut til å rapportera lågare på fleire område når me filtrerer svara i undersøkinga.

Same gruppe oppgjev også å vera i kontakt med ulike hjelpetenester for barn og unge. Dette kan styrkja trua på at ei lita og kjend gruppe unge i området er meir marginalisert og har større psykososiale utfordringar enn majoriteten i same aldersgruppe.

Fig. 4 Ungdomsundersøkinga: Trivst du i området der du bur? (N=179)



Rus og kriminalitet

Når det gjeld alkoholbruk er det 32,4 % av elevane frå Nysæter som rapporterer at dei nokon gang har brukt alkohol. Elevane frå dei andre skulekretsane svarer nokså likt under dette spørsmålet. Dette blir også stadfest av ungdomsmøtet, Innleiande konsultasjon og Avsluttande konsultasjon; ungdom i området skil seg ikkje negativt ut samanlikna med andre unge i kommunen. Det er få ungdommar i målgruppa som drikk, og dei drikk sjeldan.

“Me har ingen funn som stadfester hypotesen om eit “negativt” ungdomsmiljø kjenneteikna av rus, hærverk og/eller kriminelle handlingar.”

Me har ingen funn som stadfester hypotesen om eit “negativt” ungdomsmiljø kjenneteikna av rus, hærverk og/eller kriminelle handlingar. Det kan i undersøkinga sjå ut som det er ei lita gruppe som slit eller mistrivst på ulike område, utan at dei dermed er involvert i kriminalitet eller brukar illegale rusmiddel. Likevel: I undersøkinga hadde alle i gruppa som rapporterte låg trivsel i nærmiljø, skule og ungdomsmiljø, debutert med alkohol. Denne gruppa rapporterte også eit hyppigare bruksmønster.

Blant elevane på Nysæter er det berre 5,8 % som rapporterer om bruk av andre rusmiddel enn alkohol. Når me spør kva for type rusmiddel som har blitt brukt (hasj, amfetamin, GHB, tabletter brukt som rusmiddel eller anabole steroider), får me få eller ingen treff. Vanlegvis er det hasj som er det første illegale rusmiddelet ungdom eksperimenterer med. (jmf. gateway hypotesen, Pedersen 2001, Bretteville- Jensen 2009). Bruk av hasj ser derimot til å vera nesten ikkje eksisterande blant ungdom i alderen 13-16 år i området (jmf. Ungdomsundersøkinga). Samanliknar me med dei andre kjeldene, har me ingen funn som går i ei anna retning eller indikerer det motsette.

Når det gjeld tal frå politiet sine statistikkar, er det registrert 710 oppdrag i perioden frå 1. januar 2010 til 1. januar 2012 i området Sagvåg/ Litlabø. Av desse oppdraga involverte 54 av sakene ungdom under 18 år. I same periode er det registrert 1935 oppdrag i området Leirvik/ ytre Leirvik, her er 141 oppdrag ungdom under 18 år involvert. Prosentvis er det ingen store skilnader i talet på oppdrag som involverer ungdom i Sagvåg/ Litlabø og Leirvik.

For same periode er det registrert 160 saker i straffesaksregisteret i området Sagvåg/Litlabø. Blant dei 160 sakene var ungdom under 18 år registrert enten som sikta, mistenkt eller fornærma i 24 saker. Samanlikna med Leirvik sentrum /ytre Leirvik var det i same tidsrom registrert 676 straffesaker, derav 56 saker der ungdom var involvert.

Det er viktig å visa til at tala som blir presentert, inneheld statistiske feilmarginar med tanke på samanlikning av data. Både oppdrag og registrerte saker i strafferegisteret blir knytt opp mot adresser (der hendinga skjedde). Me veit difor ikkje om dei involverte personane har bustadsadresse i området der hendinga blei registert. Det vil vera naturleg å tenkja seg at ein del av oppdraga og straffesakene i Leirvik sentrum kan vera utført av personar med bustadadresse andre stader. Motsett vil registrerte oppdrag og straffesaker knytt til Sagvåg/Litlabø vera eit resultat av personar med bustadadresse utanfor desse områda. Me ser også at nokre av sakene omfattar hendingar der ungdom er fornærma. Desse sakene kan i realiteten vera utført av personar over 18 år der ungdommen er den fornærma i saka.

Oppsummert blir det vanskeleg å trekkja nokre konkrete funn basert på samanlikning av data når det gjeld oppdrag og straffesaker. Respons og data frå politiet viser likevel at det ikkje er ei opphoping av oppdrag eller straffesaker i området Sagvåg/Litlabø. Dette samsvarer også med tala i ungdomsundersøkinga. På spørsmål om dei nokon gong har brote seg inn for å stela eller gjort skade på bygg (jmf. tagging, ruteknusing), fordeler svara seg ganske likt når me samanliknar mellom skulekrinsar i kommunen.



Foto: Tina Steinsland

Instansane sin respons - identitet, fritid og trivsel

Identitet og områdestatus har i kartlegginga blitt løfta opp som eit kjerneområde som dei fleste av instansane hadde ei meining om. Særleg Litlabø-området og forslag om skulenedlegging har skapt engasjement og mobilisert til diskusjonar og debattar i lokalsamfunnet.

Folkehelsekoordinator har fått tildelt midlar til eit prosjekt der målet blant anna er om-dømmebygging, synleggjering og styrking av ressursar i Litlabø-området. Prosjektet skal gjennomførast som ein samfunnsarbeidsprosess der dialog og samarbeid med lokalmiljøet står sentralt.

Det er på privat initiativ oppretta ein eigen bydelsblogg for Sagvåg/Litlabø-området. Her ligg det mellom anna informasjon om kva som skjer i området når det gjeld aktivitetar og arrangement, samt informasjon om lag og organisasjonar, reiseskildringar, debattar m.m. Bloggen er informativ og får fram mange av dei ressursane som finst i området.

I avsluttande konsultasjon blir det informert om bustadbygginga som skjer i Sagvåg. Her blir det peikt på at det for tida skjer ei omfattande bustadbygging, og at nyinnflytting truleg vil føra til at andre sine haldningar til miljøet og området vil kunne bli endra.

I kommuneplanen (2010-2021) står det at bydelane og lokalsentra i kommunen skal utviklast vidare som gode bustad- og opphaldsområde med rom for utvikling av næring og offentleg service. Det blir føreslått å arbeida ut kommunedelplan/områdeanalyse for Sagvåg/Litlabø.

Vidare er det foreslått ei oppgradering av bydelssentrum, næringsområde til sjø, betre tilhøve for inne-idrett, utbygging av turløypar og friluftsområde samt vidareutvikling av Sagvåg som senter for kystkultur og småbåtturisme. Både i Innleiande og avsluttande konsultasjon og ungdomsmøtet blir det peikt på vedlikehald og oppgradering av området. Det blir sett fokus på at trivsel har samanheng med korleis dei unge oppfattar nærmiljøet rundt seg. Dersom området blir prega av forsøpling og forfall, vil dette igjen ha innverknad på områdestatus, identitet og trivsel. Det blir understreka at politikarane må engasjera seg og forplikta seg til å følgja opp planane for Sagvåg og Litlabø.

I kartlegginga er det generelt vanskeleg å visa til tiltak eller instansar som arbeider målretta og direkte opp mot områdestatus og identitet. Ein del tenester som er representert, er i stor grad knytt opp mot arbeid med enkeltungdommar. Truleg vil arbeid i høve til områdestatus og haldningsendring krevja ei anna og meir heilskapleg tilnærming.

Det var stor semje blant instansane i kartlegginga at ungdom i Sagvåg fortener fleire og meir varierte tilbud. Fritidsklubben har etablert seg som eit viktig tilbod i nærmiljøet. Det kan likevel vera ei utfordring å gi eit samla tilbod til målgruppa då det er relativ stor variasjon i alder og interesser. I denne samanhengen blir behovet for å etablere ein eigen juniorklubb for dei yngste diskutert. Vidare blir det nødvendig med lokalitetar som kan ivareta etterspurnaden etter nye aktivitetar. Dette krev igjen at bemanninga blir styrka, og at det blir lagt vinn på å samla tiltaka/tilbudet slik at det blir ein "reell" møteplass for unge. Det blir peika på at det er viktig å byggja vidare på tenester som allereie fungerer.

Aktiv Fritid er eit kommunalt prosjekt som blant anna jobbar for å inkludera ungdom i sjølvvalde aktivitetar. Tenesta har eit førebyggjande fokus og samarbeider med andre deler av det kommunale hjelpeapparatet. Tenesta rettar seg først og fremst mot ungdom som ikkje har eit aktivitetstilbod frå tidlegare. Brukarmedverknad, egne interesser og ønskje står sentralt i prosjektet.

Det finst fleire lag og organisasjonar som har ungdom som målgruppe eller har kontakt med ungdommar i området. Betre samarbeid med andre tenester og eit ønskje om fleire medlemmar er gjennomgåande for fleire aktørar innanfor organisasjonslivet. Både samarbeid mellom lag og organisasjonar og/eller kommunale tenester er ønskjeleg. Gode strategiar for rekruttering av nye medlemmer, samstundes som at tilbodet skal vera lagt til rette for dei unge, blir framheva som viktige satsingsområde. Det blir her viktig å halda på medlemmane og jobba for inkludering. Blant anna oppgjev Idrettslaget Solid at dei ønskjer ei større rekruttering til dei ulike gruppene (jmf ungdomsundersøkinga).



Foto: Tina Steinsland



Foto: Tina Steinsland

Oppsummering og forslag til tiltak:

Målgruppa - identitet

Det er stor semje blant instansane at framsnaking, positiv marknadsføring og haldningsendring er område som er viktige å prioritera. Funna i kartlegginga tyder på at ungdommane opplever negative haldningar og fordommar knytt til rus og kriminalitet. Ungdomsundersøkinga og tal frå politiet viser derimot at bruk av ulike rusmiddel og kriminalitet ikkje er utbreidd i ungdomsmiljøet. Samstundes er det ein del ungdommar som svarer negativt i forhold til busetting. Dette kan igjen ha sammenheng med funn relatert til opplevd områdestatus. Det blir derfor viktig å korrigera oppfatningar om at det eksisterer eit belasta ungdomsmiljø i Sagvåg og Litlabø.

I ungdomsmøtet blir Sagvåg og Litlabø omtalt som eit trygt og roleg område å veksa opp i. Ungdommane er stolte av heimstaden sin, og formidlar at dei høyrer til her. Det er samstundes eit ønskje om at området blir betre halde ved like, at miljøet blir attraktivt og levande.

Forslag tiltak:

- Stord ungdomsråd er aktive for å promotera, inkludera og synleggjera ungdomsmiljøet i Sagvåg og Litlabø
- Skulen har fokus på identitet og sjølvoppfatning som ein del av undervisninga. Samfunnsfag vil vera eit aktuelt fag der diskusjonar kan organiserast på klassenivå
- Media er medvitne om korleis området blir presentert
- Fokus på omdømmebygging. Til dømes eit "Velkommen til Sagvåg og Litlabø"-skilt på alle innfartsvegar til Sagvåg og Litlabø.
- Utarbeide "fyndord" som får fram kvalitetane i området.
- Synleggjera kommunale planar for området.

Oppsummering og forslag til tiltak:

Målgruppa - fritid

Funna i ungdomsundersøkinga viser at over halvparten av ungdommane frå Nysæter ungdomsskule synest det er nok fritidstilbod i nærmiljøet. Det er likevel ei relativ stor gruppe som ikkje er nøgd med fritidstilbodet. Dette blir også stadfesta av ungdomsmøtet, Innleiande og avsluttande konsultasjonar og intervju. Det blir halde fram at det er for liten variasjon i fritidstilbodet, og at det er ønskjeleg å få eit tilbod som ikkje er basert på konkurranse eller prestasjonar. I ungdomsmøte og Avsluttande konsultasjonar blir auka satsing på ulike kulturtilbod i området trekt fram. Tilbod som blir administrert av kulturskulen, bør også kunne liggja i Sagvåg/Litlabø-området. Tiltak for å fremja områdestatus vil også vera å trekkja ungdom frå andre delar av kommunen til Sagvåg og Litlabø. Dette forutset fleire attraktive møteplassar og tilbod kor ungdom kan treffast. Det blir hevda at transporttilhøve og utrygg sykkelveg er med på å avgrensa deltaking i

aktivitetar utanfor Sagvåg og Litlabø. Opparbeiding av ein sykkelveg over Litlabø vil kunna knytta området til resten av kommunen samstundes som fleire aktivitetstilbod kunne bli meir tilgjengelege. På denne måten kunne også ungdom frå andre delar av kommunen i større grad delta på aktivitetar i Sagvåg og Litlabø.

Forslag til tiltak:

- Lag/organisasjonar, tenester og tilbod blir gjort betre kjent for målgruppa
- Betre kommunikasjonstilbod. Jobba for å fullføra trygg sykkelsti mellom Litlabø og Leirvik og synleggjera behov for eit betre busstilbod, særleg om kveldane og i helgar
- Kommunen styrkjer fritidsklubben og kulturtilbodet i aktuelle planar og prioriteringar
- Skapa nye møteplassar og aktivitetar for ungdom
- Jobba for å få ein av dei nye musikkbingane i kommunen plassert i området

Oppsummering og forslag til tiltak:

Målgruppa - trivsel

Fleirtalet av elevane svarer at dei trivst godt i nærmiljøet og på skulen. Dette blir også stadfest i ungdomsmøtet der området blir omtalt som trygt, roleg og inkluderande. Det er likevel slik at ungdom i området skil seg ut ved å rapportera meir negativt på spørsmål om trivsel. I tillegg til andre faktorar har truleg rapporterte svar på trivsel også samanheng med opplevd områdestatus og oppleving av fritidstilbod. Både i ungdomsmøtet og i innleiande og avsluttande konsultasjon blir opprusting og ivaretaking av området diskutert. Ungdommen ønskjer seg fleire møteplassar. Funna kan tyda på at fleire unge føler seg ekskluderte frå dei møteplassane som er tilgjengelege i dag.

Vidare tyder funna på at det er ei mindre gruppe ungdom som gjennomgåande svarar lågare på fleire område knytt til trivsel. Ein forholdsvis stor del av desse har samstundes hatt kontakt med ulike hjelpetenester den siste månaden. Dette kan styrka trua på at det er ei lita kjent gruppe i området som er meir marginalisert og har større utfordringar i forhold til psykososiale problem enn majoriteten i same aldersgruppe.

Forslag tiltak:

- Kartleggja dei fysiske tilhøva i området med vekt på møteplassar for ungdom (innandørs og utandørs)
- Etablera og styrka uformelle møteplassar
- Jobbe aktivt for å sette i gong arbeidet med å riva/rehabilitera gamle Sagvåg skule
- Kommunen, lokale lag/organisasjonar og næringsliv søkjer om midlar til opprusting av området
- Sikra oppfølging av gruppa som gjennomgåande scorar lågt under fleire område i kartlegginga



Foto: Cecilie Berger

Handlingsplan

Mål	Tiltak	Ansvar
-----	--------	--------

Implementering

Sikra at tiltak frå HKH'en blir gjennomført	Tilsetja ein person for å følgja opp arbeidet med tiltaksplanen.	Sosial og førebyggjande teneste.
---	--	----------------------------------

Områdestatus knytt til identitet og tilhørslse

Avmytologisera dei negative oppfatningane andre har om folk i Sagvåg generelt og om ungdom spesielt	Positiv omdømmebygging og promotering av området gjennom ulike arrangement med ungdom som målgruppe. Bruka internett og facebook aktivt	Lag/organisasjoner, ungdom, lokalbefolkninga
	Finna ein visjon/slagord/ "merkevarebygging" som skildrar kvalitetane i miljøet, og bruka dette aktivt, t.d på skilt, t-skjorter, i anna marknadsføring	Stord kommune, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar i området
	Aktiv bruk av HKH-rapporten og ungdomsundersøkinga mot foreldre/ politikarar/ presse	Stord kommune/ sosiale og førebyggjande tenester
Styrka ungdommen sin områdeidentitet	Oppslagstavle/ facebook/ heimeside der ungdom får og gir informasjon om kva som skjer i området	Ungdomsrådet
	Opprusta utsjånaden til området	
	Nytta det tradisjonelle/ særskilde for området i identitetsbygginga: industri, maritimt miljø, natur, friluftsliv	Kommunen og lag/organisasjonar/ befolkninga

Mål	Tiltak	Ansvar
Fritid		
Gjera eksisterande fritidstilbod kjent for målgruppa	årleg fritidsmesse ved skulestart der alle organisasjonar kan visa seg fram	Ungdomsrådet og SLT-koordinator
	Utarbeider faldar med tilbod og kontaktinformasjon.	ungdomsrådet, SLT – koordinator og organisasjonar
Styrka kulturtilbodet i området	Jobba for å flytta deler av fritidstilbod frå Leirvik og ut i området	
	Jobba for at fritidsklubben får eit betre eigna lokale	Stord kommune
	Lag/organisasjonar og kommunale tenester styrkjer samarbeidet rundt ungdom i området	Lag og organisasjonar/Stord kommune
Styrka samarbeidet mellom ulike aktørar rundt ungdom i området	Ungdomsrepresentant som deltakar i Sagvåg Forum	Sagvåg Forum
Skapa nye møteplassar for ungdom	Arbeida for at etablering av fleirbrukshall og møteplassar i sentrum blir prioritert i dei kommunale planane	
Ungdommane trivest i eige nærmiljø	Kartleggja det fysiske miljøet i området med vekt på møteplassar for ungdom	SLT-koordinator
	Synleggjera kommunale planar for ungdom	SLT-koordinator og barnerepresentanten
	Arbeida for at det blir laga ein heilskapelig plan for Sagvåg og Litlabø	Stord kommune
Sikra oppfølging av ungdom som scorar lågt under dei ulike kjerneområda i kartlegginga	Nedsetja ei gruppe med fagpersonar som går inn og undersøker ungdomsgruppa og ser på samarbeidsrutinar i høve til dei rapporterte funna. Gruppa ser på samanhengen mellom negativ rapportert trivsel i nærmiljø og skule, deltaking i fritidsaktivitetar, framtidig busetting, foreldreøkonomi og kontakt med tenesteapparatet.	SLT-koordinator
	Nytta BTI modellen (betre tverrfaglig innsats) i arbeidet med utsatte barn og unge	Sosiale og førebyggjande tenester

Referansar

Jensen-Bretteville. A.L (2009)

Gateway-hypotesen: Leder hasj til tyngre stoffer?

Artikkel; forebygging.no

Mouteney og Leirvåg (2007)

Hurtig kartlegging og handling. Stiftelsen Bergensklinikkene

Pedersen, W (2001) Bittersøtt. Univeristetsforlaget AS

